

PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 1 - 2017



Barne- og ungdomsklinikken endrar aldersgrenser

Av: Jan Kåre Austrheim, Kommunikasjonsavdelinga, HUS

Aldersgrensa ved Barne- og ungdomsklinikken er heva til 18 år for tre pasientgrupper frå følgjande datoar:

- Ungdom med diabetes - frå 1. januar 2017
- Ungdom med inflammatorisk tarmsjukdom, IBD - frå 1. april 2017
- Ungdom med epilepsi – frå 1. september 2017

Dette gjeld både for innlegging og polikliniske konsultasjonar, elektive og ØH-pasientar.

Ordninga gjeld ikkje for ungdom som allereie er overført frå Barne – og ungdomsklinikken til vaksenavdelingar før desse datoane. Dei skal fortsatt følgast opp av Barne- og ungdomsklinikken poliklinisk, og leggst inn i vaksenavdelingane etter fylte 15 år.

Endringane er ei direkte følge av at Barne- og ungdomsklinikken har flytta til Marie Joy's hus og har plass til fleire pasientar. Pasientgruppene som får seinare innlegging i vaksenavdelingar, er valt i samråd med Barne- og ungdomsklinikken, Medisinsk avdeling, og Nevrologisk avdeling.



Rehabilitering utanfor institusjon

Av: PKO-redaksjonen

Innsatsteam i Bergen kommune gir tidsavgrensa, tverrfagleg og individuelt tilrettelagt rehabilitering til personar som siste året har hatt hjerneslag, traumatisk hovudskade, nyleg fått diagnosen MS eller hatt eit MS-attakk. Tilbodet blir gitt til alle som har hatt hjerneslag uavhengig av utfall.

Bergen kommune har fire innsatsteam som består av fysioterapeutar, ergoterapeutar, og sjukepleiarar. Dei fleste pasientar blir tilvist rehabiliteringsteamet av spesialisthelsetenesta, men fastlegen kan også tilvise. Ordninga har vore i drift sidan 2012.

- Teamet tar kontakt med pasienten to dagar etter motatt tilvising, og gjennomfører første samtale i løpet av dei neste fem dagane. Det startar med ei kartlegging av kva som er pasienten sine utfordringar, ferdigheiter pasienten treng trene på, og behovet for tilrettelegging i eigen bustad. Treninga kan gå føre seg heime hos pasienten eller i kommunale lokale, fortel Tove Bergan, spesialrådgjevar, etat for helsetenester Bergen Kommune.

- Ved behov vil innsatsteamet samarbeide med forvaltningseininga, spesialisthelsetenesta, ergo- og fysioterapi-tenesta, heimesjukepleie, fastlege, NAV, logoped, synspedagog i tillegg til andre tenester. Teamet vil ved behov tilvise pasienten vidare til Rehabiliteringsklinikken på Nordås, Betanien sykehus, eller Kommunal dagrehabilitering, fortel Bergan.

Tilbodet gjeld for 3 månader. Det blir sendt elektronisk melding til fastlegen både ved oppstart og avslutning av behandlinga.

For kontaktinformasjon: sjå Bergen kommune si nettside.

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/innsatsteam-rehab/9992>



Rus og psykiatrispasientar som kan leggast inn ØHD

Frå 01.01.17 har Bergen kommune opna augeblikkeleg hjelp døgnopphald også for rus og psykiatrispasientar.

Av: *Voltersvik, Marit, overlege, Etat for helsetenester Bergen kommune, leiar ved "Øyeblikkelig Hjelp Døgnehet" (ØHD).*

Saman med Helse Bergen har vi i Bergen Kommune kome fram til kva helseproblem innan rus og psykiatri som gjer pasienten egna for innlegging i "Øyeblikkelig Hjelp Døgnehet" (ØHD):

• Alle pasientane må kunne samarbeide

1. Pasientar med psykiske lidingar:

- Lettare og moderate psykiske helseproblem, ofte i kombinasjon med somatisk sjukdom/plage.
- Pasientar med avklart tilstand/diagnose som får tilbakefall/forverring av (kjent) psykisk liding ofte med akutt funksjonsnedsetting på ulike livsområde, der innlegging er nødvendig for å roe/avhjelpe ein vanskeleg livssituasjon (belastningar, heimesituasjon, konflikhtar, stress eller andre psykososiale forhold rundt pasienten).

2. Pasientar med alkoholavhengigheit og abstinens:

- Pasientar som er vakne/lett å vekke og som kan gjere greie for aktuell situasjon, som kjem inn med ei somatisk eller psykisk problemstilling.

3. Pasientar som har brukt illegale rusmiddel:

- Lettare og moderate rusproblem i kombinasjon med somatisk sjukdom/plager som infeksjon, skader m.m.
- Pasientar med avklart tilstand/diagnose som får tilbakefall/forverring av kjent rusproblem, ofte med akutt funksjonsnedsetting på ulike livsområde, der innlegging er nødvendig for å roe/avhjelpe ein vanskeleg livssituasjon.

Dette bygger på den nye rettleiaren "Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold" der rus og psykiatrispasienter er tatt inn.

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/133/Kommunenes-plikt-til-oyeblikkelig-hjelp-dognopphold-veiledningsmaterieell.pdf>

Tilvising av handsadar

Av: *Eivind Strandenes, overlege, Avdeling for plastikkirurgi*

Hand/handleddskadar og sequeler etter handleddskadar, skal tilvisast Avdeling for plastikkirurgi. Haukeland universitetssjukehus er i dag einaste stad for hand og microkirurgi i Helse Bergen sitt nedslagsfelt. Radius- og ulnafrakturar, og fraktursequeler skal tilvisast ortoped.

Røntgensvar på papir frå Betanien sjukehus - og elektronisk via HUS.

Av: *Kathe Helland Holmås & Marit Rekve, Betanien sykehus.*

Betanien må først sende elektroniske røntgensvar til HUS, som sender vidare svaret til den aktuelle lege. Dermed får ikkje Betanien røntgen applikasjonskvittering, og kan ikkje kontrollere at elektronisk røntgensvar er komne fram til rekvirenten. Betanien fortset derfor å sende alle røntgensvar på papir i tillegg. Denne rutinen vil gjelde fram til ei anna løysing er på plass.

Dei elektroniske røntgensvara går berre til rekvirerande lege. Dersom det er bedt om kopi til ein annan lege, så vil «legen på kopi» få svaret berre i papirform.

Røntgenavdelinga ved Betanien har som rutine at rekvirerande lege blir informert per telefon dersom undersøkinga viser alvorlege patologifunn.

Neste Samhandlingsmøte for Haukeland universitetssjukehus og fastlegane er 22. februar frå 17-20 Sett av kvelden. Program kjem.